

Bokn Bygdablad

Nr. 4 mai 2014 – Årg. 29



Dagen ein vil hugsa lenge – s. 3



Med båt til Bokn, seriestart – s. 10



BoknOpp 2014 – s. 22



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**





RDFØRAREN
RDET



Kjære sambygding!

Storstilt grunnlovsfeiring

Me har lagt bak oss ein flott mai-månad prega av førebuing og gjennomføring av både nasjonaldag og grunnlovsjubileum. Årets 17. mai vil bli hugsa mellom dei meir vellukka, innhaldsrike og minneverdige. Til og med vêrgudane fekk med seg at det var noko særst med nasjonaldagen i år.

Stor ros til 17.mai-komitèen som saman med lag, organisasjonar og andre, sytte for at boknarane fekk ei ramme om både nasjonaldagen og grunnlovsjubileet utanom det vanlege. Programmet for dagen gjekk slag i slag frå salutten gjalla utover bygda klokka 0630 om morgonen til dei seine nattetimane og inn i den 18. mai.

Markeringa av 200-års jubileet til Grunnlova har pågått lenge over heile landet, og dei fleste av oss fekk etter kvart høge forventningar til markeringa både gjennom innslag på TV og artiklar elles i pressa. Og rapportar frå heile landet tyder på at forventningane blei innfridde, også her i Bokn.

I samband med grunnlovsjubileet blei alle ordførarar i landet inviterte til Oslo den 14. og 15. mai. Hovudstaden har god tradisjon for å invite-ra ordførarar til Oslo ein gong i løpet av valperioden, og denne gongen møtte mest alle. Oslo sin ordførar, Fabian Stang, inviterte i samband med dette alle ordførarane, Storting, regjering og Kongehuset til festmiddag i rådhuset. Det var elles fleire markeringar i hovudstaden desse mai-dagane: Eiga jubileumsutstilling i



Grunnlovsmarkeringa i Oslo i mai blei avslutta med mottaking på slottet for landets ordførarar. Her helsar ordførar Kyrre Lindanger på prinsesse Astrid.

Foto: Anette Karlsen / NTB scanpix

Stortinget, jubileumsmøte i Stortinget og fest på Eidsvoll's plass. Jubileumsdagane blei avslutta med ordførarmarsj opp Karl Johans gate til Det Kongeleg slott der Kongen og heile kongefamilien heldt mottaking for ordførar-korpset.



Frå ordførarmarsjen opp Karl Johans gate.

Foto: Oslo kommune/Sturlason.

Arrangementa sette søkelyset på verdiane i Grunnlova. Ei anna hensikt var å spela opp mot den store jubileumsfesten 17. mai. Gjennomsnittsalderen for grunnlover flest er 20 år medan den norske er blitt ti gonger eldre. Ei viktig årsak til at Grunnlova vår har halde seg så godt, er både at ho er eit sterkt verdidokument og symbol på nasjonal sjølvstende, men det skuldast også langt på veg at

Noreg er eit stabilt samfunn med høg grad av velstandsauke, tillit og verdifelleskap. Difor er det hyggeleg å konstatere at 17. mai og grunnlovsfeiringa står sterkt i ei tid der det norske samfunnet blir stadig meir mangfaldig.

Gratulera med vel overstått feiring!

Ordføraren

Dagen ein vil hugsa lenge

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kjetil Hamre & Ina V. Tangen



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014

Grunnlovsjubileet 1814–2014 blei markert på årets nasjonaldag. 17. mai-komiteen slo på stortromma og laga til ein folkefest bygd opp kring lokale krefter.



Odd Grønnestad sørger for høglydt opning på den store dagen.

I samråd med ulike samarbeidspartnarar blant lag og organisasjonar var det igjen kapproing om morgonen (flytta frå Føresvik til Hålandssjøen),



Flott båretbukett ved steinen til minne om dei som er komne bort på havet.



Grunnlovsjubileet blei også markert under gudstenesta i kyrkja.



Kapproinga var kl. 08.00 i Hålandssjøen. Kl. 09.00 var det frukost på Idrettshuset.



Fint tog med staseleg 17. mai-komite i spissen, med klede frå 1814.

med etterfølgande frukost på Idrettshuset. Jubileumsfrukosten var sponsa av Bokn kommune og hadde hyggelege prisar. Bokn idrettslag vil arrangera frukost neste år også, då med sannsynleg start kl. 08.00.

”Det går et festtog gjennom landet”

Etter gudstenesta gjekk toget (med 17. mai-komiteen i klede frå 1814 i spissen) som vanleg til Boknatun, om barnehagen – og slutta der, etter konserten ved sjukestova. Ikkje lenge etterpå var korpset på scena, klare til å framføra den nasjonale og spesialskrivne jubileumssongen «Det går et



festtog gjennom landet» saman med eit stor skulekor med elevar frå 1. - 5 klasse. Her var Oddrun Nilssen dirigent. Ei mektig oppleving blei det og ein flott start på dagsprogrammet i gymsalen, fint leia av leiar i 17. mai-komiteen, Eiliv Staalesen. Korpset spelte også til alle allsongane.

Storstilt festtale

Ei stor hending var det då fem tidle-



Pluggen Motorklubb var på plass med trialoppvisning.

Mektig start på dagsprogrammet då eit stort skulekor song "Det går et festtåg gjennom landet" saman med Bokn musikkorps (bak).



Boknarar på veg til å tukta engelskmennene i skodespelet av Birger Lindanger.



Kjekt med hoppeslott, hesteskokasting, høyballrulling og barneridning.



gare ordførarar heldt festtalen saman med ordføraren. Det blei ein lærerik og minnerik halvttime, med svært få lydar frå den fulle salen. Den lydhøyre forsamlinga (+ folk som var ute, då lyden også strauma ut av lydorna rundt skulebygget) fekk høyra Sigvart Våga snakka om Grunnloven og Bokn anno 1814. Leif Vatnaland tok for seg kampen for kommunal sjølvstende og Bokn si

den retoriske stunda.

Nye leikeaktivitetar

Den alltid like imponerande trialoppvisninga blei tradisjonelt gjennomført før leikane for barn og vaksne starta. I år var det fleire aktivitetar enn det som har vore vanleg dei siste åra. Hesteskokasting og høyballrulling er forhåpentlegvis komme for å bli. Populært var også barneridning, tilbake etter fleire års pause. 17. mai



Fv. Kyrre Lindanger, Svein Ove Alvestad, Sigrunn Hole Hosaas, Arne Øvrebø, Leif Vatnaland og Sigvart Våga heldt saman ein storstilt festtale.

rolle på Haugalandet. Temaet til Arne Øvrebø var levekår, frå sild til olje og næringsutfordringar gjennom tidene. Sigrunn Hole Hosaas snakka om engasjement og frivillighet. Svein Ove Alvestad talte om kommunikasjon og Bokn som landfast. Kyrre Lindanger tok for seg framtidsutsiktene, i tillegg til at han batt saman

-komiteen slo også til med eit hoppeslott. Besøket frå små barneføtter lot ikkje venta på seg. Også før hoppeslottet blei henta på 18. mai var det gledeshyl å høyra frå fotballbanen.

Skodespel

Til denne historiske dagen hadde historikar Birger Lindanger skrive skodespelet "Bokn og 1814 - då bok-



Bokn skulekorps med aspirantar opna jubileumsfesten.

narane tukta engelskmennene". Det to aktars-skodespelet var tilrettelagt for elevar frå 6., 7. og 8. klasse av Merete Alvestad, og dei hadde gjort ein kjempejobb sidan innøvinga star-

Første del av jubileumsfesten om kvelden var via til korpset, og det blei ei koseleg og tradisjonell stund, med musikk av Bokn skulekorps og Bokn Brass. Lillian Grønnestad var



Første skulekorpsdirigent Magne Nygård kasta glans over arrangementet.

der og kasta glans over feiringa. Naturlig nok var det skulekorpset som fekk mest merksemd frå talarstolen,



Torolf Nordbø var flink konferansier, visesongar og entertainer.

ta rett etter påske. Fleire av namna og replikkane var autentiske med tilgjengeleg nedskrive materiell frå den tida, og akkurat det gjorde stykket ekstra nært og levande. Flink og trygge elevar fekk fortent trampeklapp etterpå.

Jubileumsfest

50-årsjubilanten Bokn musikkorps hadde vore lure og lagt jubileumsfeiringa til denne dagen. Det blei naturlig å slå denne markeringa saman med markeringa av Grunnlovsjubileet, samstundes som korpsa var i god vårform.



Julianne Nilssen hadde laga flotte kaker til jubileumsfesten.

dirigent for begge korpsa. Talar var det også fleire av, m.a. første skulekorpsdirigent, Magne Nygård, var

men også Bokn Brass-grunnleggar, Svein Vea, heldt helsingstale. «Brassen» blei stifta i 1980. Ordførar



Med Annstein Vik som tamburmajor og dirigent slo Bokn Brass til, i ulike korpsuniformar gjennom 50 år, med populært revyinnslag, der også korpsformann Odd Grønnestad var med på stortromme - som han også spelte då skulekorpset blei stifta.



Solveig Våga heldt eit glimrande foredrag.

festen. Her var det både spark til kommunestyret for 50 år sidan (då dei bevilga pengar til stolar i staden for til nye instrument), frå «Brassen» sitt øvingsmiljø samt invitt til å begynna i korpset. Scenevande aktørar fekk opp stemninga – alltid populært med eit revynummer!

Grunnlovsjubileet

Tidlegare på dagen hadde me fått høyra om Bokn og 1814, både i talen

sier på festen hadde han ei lita vise-stund for dei framømte. Der fekk me m.a. høyra den vakre «Eg lengtar heim til Ryfylke i kveld».

Flott avslutning

Jubileumsfesten slutta av med dagens andre framføring av «Det går et festtog gjennom landet». Denne gong var det Boknakoret under dirigent Anne Tove Øvrebø som song saman med Bokn Brass. Med fleirstemt song og friskt kor blei den festlege spesialskrivne jubileumssongen ei fengande flott avslutning på ar-



Boknakoret og Bokn Brass sørga for ei fengande flott avslutning på jubileumsfesten.



I kjent stil sørga "Han Innante" for at folk fekk seg ein god latter.

Kyrre Lindanger heldt også ein helsingstale.

Revyinnslag

Bokn Brass, som hadde mange boknarevyar på 1980- og 1990-talet, slo til med eit nyskrivne revyinnslag på

til Sigvart Våga og i skodespelet til Birger Lindanger. På jubileumsfesten sette Solveig Våga det lokale inn i eit internasjonalt og nasjonalt perspektiv på ein glimrande måte. Det blei 20 minuttar med eit levande, engasjerande og ledig foredrag, både i form og innhald. Ho blei også invitert til skulen nokre dagar etter 17. mai, og heldt det same foredraget, då for dei elevane som framførte skodespelet «Bokn og 1814 – då boknarane tukta engelskmennene».

Torolf Nordbø

Sjølv om nasjonaldags- og Grunnlovsfeiringa hadde fokus på lokale krefter, hadde me plass til ein gjest. Me er glade for at alltid omgjengelege og fleksible Torolf Nordbø var me oss. I tillegg til å vera konferan-

rangementet.

"Han Innante"

Torolf Nordbø er ikkje berre ein god formidlar, låtskrivar og visesongar. I kjende klede, briller og rullande r'ar stod han ein halvtime seinare som «Han Innante» og starta eit forrykande show. Kommunikasjonen med publikum var der med ein gong, og vitsane, dei gode – ofte sjølvironiske kommentarane, blanda med korte songar, slo godt an. Det var ikkje lenge mellom latterkulene, og den humoristiske timen mot fyrverkeriet gjekk veldig fort.

Fantastisk fyrverkeri!

Dei store forventningane til eit profesjonelt fyrverkeri blei absolutt innfridde då bergensfirmaet ProPyro, i samarbeid med Henrik Nilssen, gav oss ei høglydt og fargesprakande

stund ved fotballbanen. I sju minutt stod folk og gispa av beundring. Det er lenge til å vera eit samanhengande fyrverkeri. ProPyro nytta seg av ei blanding av ulike effektar frå høgt-hengande bomber og det siste innan bakkefyrverkeri. Og som dei ubeskjeddent skriv på nettsidene sine: «Resultatet ble en gjennomføring kommunen sjelden har sett maken til. Vi er stolte over å bidra til denne flotte feiringen i Rogaland!» Firmaet, som legg stor vekt på HMS (Helse, miljø og sikkerhet) i prosjekta sine, hadde også stort fyrverkeri i Tysnes kommune same kveld.

Budsjett

Mange nemner fyrverkeriet først når dei snakkar om årets 17. mai, og fleire har tippa prisen til 300.000 kr. Det rette er 33.000 kr. - og det er ikkje vanskeleg å seia at me fekk veldig mykje for pengane. Det må også nemnast at det blei selt billetter for 72.050 kr. til kveldsarrangementa. Kanskje slikt fyrverkeri kunne vera noko for nyttårsfeiringa? Kva med det lokale næringslivet?

Så var det dans med «The Kvednabekkjers» til kl. 02.00. For andre gong på kort tid storkoste bandet seg på scena, og skal ein tru allsongen og stemninga så koste folk seg i salen også.



Fantastisk fyrverkeri i raudt, kvitt og blått.



“The Kvednabekkjers” spelte opp til dans til slutt. Grunnlovsfeiringa var over kl. 02.00.

Takk!

17. mai-komiteen er svært nøgde med dagen og alle dei gode tilbakemeldingane på programmet og gjennomføringa. På vegne av komiteen vil eg takka alle som bidro til at 17. mai 2014 blei dagen ein vil hugsa lenge.

Du kan sjå fleire bilder frå dagen på www.bygdabladet.no under Bilder i høgremenyen. Det blir laga fleire album, m.a. eit eige frå fyrverkeriet.

Frivillighetsfest

Jan Magne Moi

Kvart andre år inviterer kyrkja til frivillighetsfest. Måndag 2. juni var frivillige samla på Bokn bedehus.

Gjermund Lygre heldt andakt. Han viste også bilete frå Mali og fortalde siste nytt om den politiske situasjonen i landet. Greta Skorpe Elverhaug og Marit Sofie Teistedal Vikre song både åleine og saman. Flott song.

God mat og god drøs. Me fekk høyre frå ulike arbeidsområde korleis arbeidet gjekk. Speidararbeidet er svært bra. Ein set også pris på det arbeidet som vert gjort i Kyrkjenær for dei ulike aldersgruppene.

Greta S. Elverhaug (til venstre på bildet) har fått eit års permisjon som kyrkjelydspedagog og **Marit Sofie T. Vikre (til høgre på bildet)** går inn i hennar i hennar stilling i permisjonstida.



Friluftsgudstenesta i Loten

Edvin Gjerde

Det vart ein fin dag langt sør på Bokn for alle som denne søndagen valde å gå på felles friluftsgudsteneste på Loten. Tema denne søndagen var bøn. Og alle dei som ba om fint vær vart bønheyrde. Men kan nokon hugse at været har vore dårleg på nokon av alle friluftsgudstenestene som har vore der til nå?

Kan hende var det rekorddeltaking dette året. Mange var det i alle fall som møtte opp. Boknarar og tysværbuar trivst i lag. Det gjer godt å vera mange. Ein utruleg fin og lun plass i hagen som Leiv Våga stiller til rådvelde. Naturens eigen katedral. Her var musikk og klokkeklang. Og ein fin tale av soknepresten om bøna si viktige rolle i kristenlivet.

Etterpå tende verten opp grillen, og grillsakene kom fram. Det vart kaffi og grillmat. Folk samla seg rundt bordene og praten gjekk. Mens andre vand-



Ny rekord. 74 til gudstenesta i Loten.

ra litt omkring for å snakka med kjende. Så pass på. Vonaleg kan me treffast der igjen neste år. Og har du

ikkje vore der før, så må du ikkje la høve til ei fin oppleving gå forbi ennå ein gong.

Hei, ønsker du/dere å være med i Bokn Skytterlag?

Vi har i løpet av det siste årene oppgradert og fornyet vår skytebane.

Vi har bygget opp en treningsbane med ny standplass og nye elektroniske skiver.

Våre aktiviteter for øyeblikket er øvelseskyting på 100m bane, oppskyting til jaktprøve og leirdueskyting.

Medlemskontingent for 2014

Medlem	kr. 100,-
Medlem + øvelseskyting og prøve	kr. 300,-
Støttemedlem	kr. 50,-

Treningskyting/ jaktprøve Sesong 2014

Søndag 4. mai	kl. 1400 - 1600
Onsdag 14. mai	kl. 1800 - 2000
Søndag 25. mai	kl. 1400 - 1600
Onsdag 11. juni	kl. 1800 - 2000
Søndag 15. juni	kl. 1400 - 1600
Søndag 21. juni	kl. 1400 - 1600

Vi er medlem av Det frivillige Skyttervesen har innført elektronisk medlemsregistrering for alle medlemmene i skytterlag. Hvert medlem vil få hvert sitt eget medlemsnummer/SkytterID, som vi kaller det. Din SkytterID vil følge

deg så lenge du ønsker å være medlem av skytterlaget. Du finner mer info om SkytterID på www.dfs.no

Ønsker du/dere å bli medlem, eller mer info om Bokn Skytterlag ta kontakt med:

Edgar Våge	45030004
Arvid Sæbø	91804550
Jørn Hansen	47444221
Ingleif Kro	94224064
Per Helge Sunde	95840746

Hilsen Bokn Skytterlag



Skytterlaget arrangerer luftgeværskyting på 17. mai hvert år. Her fra 2013.

Bokn Bygdablad for 20 år sidan FRÅ NR. 4 1994

OMBYGGING AV SKULEN FOR 1,3 MILL. KRONER

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 28. april med 9 mot 6 røyster å investera 1,3 mill. kroner til i den vidare ombygginga av skulen i 1994. På budsjettet i år var det sett av 800.000 kroner til dette prosjektet. Kommunen har seinare fått kr. 200.000 i tilskot frå Fylkesmannen, i tillegg til at fleirtalet i kommunestyret meinte det var rett å bruka overskotet frå 1993-rekneskapan til skuleutbygginga. Mindretalet ga uttrykk for at 1 million kroner burde vera taket på utbygginga i denne omgang. Fleire ga uttrykk for at dei

var betenkt over å bruka overskotet til skuleutbygginga før ein hadde anbudsprisane for sjukeheimsutbygginga på bordet. Sigurd Johnny Svendsen foreslo at saka burde utsetjast til anbudsprisen for sjukeheimsutbygginga er kjend i midten av mai. Dette forslaget fekk berre 6 røyster.

Det som skal ombyggast ved Bokn skule i sommar er m.a. den resterande delen av varme- og friskluftanlegget og administrasjonsavdelinga.

SAMLA PLAN FOR UTSLEPP I TETTSTADENE

Bokn kommune skal innan utgangen av året ha utbeidd ein samla plan for kloakkering når det gjeld Alvestadområdet. Ein slik plan må også utarbeidast for Førsvikområdet.

Bakgrunnen for at dette nå er aktualisert er ein søknad frå Steinar Alvestad om utsleppsløyve frå 5 feriebusstader, butikk og bustad. Tidlegare hadde teknisk hovudutval gitt løyve til utslepp på grunnlag

av at det var ei bruksendring. Dette godtok ikkje Fylkesmannen, og ga utsleppsløyve under forutsetnad av at kommunen ville utarbeida ein samla plan for utslepp i Alvestadområdet.

Bokn kommunestyre vedtok i ekstra sak den 28. april å godkjenna dei vilkåra for å utarbeida ein samla plan for utslepp i Alvestadområdet som Fylkesmannen har stilt, og dermed er det gitt grønt lys for utslepp frå feriebusstader m.v. i Alvestadkroken.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Boknatunvegen 54 A (Gnr 9, bnr 152, seksjon 1) er solgt for kr 120.000 fra Hanne Marte Vatnaland til Einar Vatnaland og Møyfrid Vatnaland

(12.05.2014)

Boknatunvegen 50 B (Gnr 9, bnr 149, seksjon 2) er solgt for kr 2.790.000 fra Nibe as til Eirik Nedrebø

(15.05.2014)

Kjelde: Statens kartverk



Sanitetsbasar

Jan Magne Moi

Det vart ein flott basar. Sanitetsforeininga hadde samla mange gevinstar, førebudd godt program og hadde mykje god mat.

Kyrkjeverja heldt andakt, Bokn seniordans hadde oppvisning og Boknakoret song.

Det var tid til samtale rundt bordene. Trekninga gjekk glatt, så det var tydeleg at dette hadde dei gjort før. Alle som deltok fekk rose eller anna oppmerksomhet som takk for innsatsen. Foreiningsdamene skulle også hatt ei rose for innsatsen.

G
L
I
M
T
F
R
Å



Med båt til Bokn

Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

1 - Hjuldamparen Ryfylke

Ferjeflaumen renn tett og tidsmessig

I tider då sjø batt og land skilte, var det få bygder som låg meir sentralt til enn Bokn. Her ved Karmsundet starta Nordvegen – leia nordover – anten ein nå segla gjennom Boknasundet i aust eller Karmsundet i vest. Etter kvart som vegane blei bygde ut og biltrafikken tok seg opp fram mot


Boknasundet kunne vera ei utfordring anten ein skulle til kyrkje, på skuleveg, handla eller å treffa kjenningar. Dessutan var det periodevis busetnad også på Ogn, Litle Kjeøy, Steinholmen, Norda Vågholmen og jamvel Nautøy.

Fram til hausten 1855 laut kvar ordna båtskyssen alt etter kvar det kunne vera båtrom med tilfeldige jakter som hadde vore innom etter last eller ein kunne frakta seg på eigen

1855 før den fyrste rutebåten besøkte bygda.

I kvart nummer av bygdabladet framover er det nå meiningen å presentera ein av alle desse båtane som gjennom tidene har gått i rute i eller til Bokn – anten det var ei gasstriven bilferje som *Boknafjord*, den dampdrivne hjulbåten *Ryfylke* eller listerskøyta *Duen*. Andre rutebåtar var *Sandeid*, *Rapid*, *Aalund*, *Røgvær*, *Gandal*, *Boknfjord*, *Skarpsild*, *Tourist*

Hjuldamparen Ryfylke



midten av 1900-talet, blei Bokn i aukande grad liggjande utanfor ferdslvegane. Då galdt det å binda Bokn via kaiar og ferjestøer til vegenettet. *Ferjeflaumen mellom Stavanger og Haugesund renn tett og tidsmessig gjennom Boknasundet* heitte det i 1967. Båt laut ein bruka skulle ein til lands heilt fram til bruene gjorde øyane landfaste i 1991.

Det galdt elles ikkje bare å koma til fastlandet, også det å koma seg over

kjøln anten ein nå bruka seksring eller åtting. Dessutan gjekk det å leia folk til å skyssa seg slik mellom anna presten og lensmannen gjorde. Men båtar i rute fanst ikkje her ikring.

Så avhengige seglbåtar var av vind og vêr, var det elles ikkje mogeleg å oppretthalda sikre ruter. Det måtte vera til båtane fekk motor. Difor laut boknarane venta heilt til hausten

I, Boknferja, Espedal, Fjordsol, Hidle, Ryfylke, Bokn, Haugesund, Tre Måker, Tonjer, Vingtor, Sleipner, Sand, Sauda, Sandnes, Stavanger, Kronprinsesse Märtha, Mastrafjord, Kystveien, Stavangerfjord og Boknafjord bare for å nemna nokre.

Finansiering og kontrahering

Den fjerde november 1855 var det stor stas innmed sildesalteriet på Holmen i Føresvik. Sør ved Øyren

vitna svær plasking og svart røyk om at eit tidsskifte var på veg. Snart skein det i den flotte baugpryden på fartøyet: Eit forgylt rugnek. Kring om langs kysten var det skipa rutebåtlag, nå var turen komen til Stavanger Amt.

I fylket og ikkje minst i Stavanger var pengefolk opptekne av å knyta byen meir regelmessig saman med omlandet og ville ha eigen rutebåt på plass. Utanbys reiarlag hadde drive kysttrafikk med dampskip innom Stavanger i 30 år, nå var det på høg tid at byen fekk sitt eige dampskip i lokaltrafikken. Også amtmannen tykte dette var ein framifrå ide og det same gjorde *Larsen i Vigjå*. Mons Larsen var mykje på reisefot, og ein stabil rutebåt var tingen for han.

I mars 1855 sende difor amtmannen ein førespurnad til kommunestyret i Bokn om ikkje også det kunne vera med på å gje tilskot eller lånegaranti til støtte for eit så framifrå tiltak. Men boknarane sleit framleis med tung gjeld etter reisinga av nyekyrkja. Dessutan meinte dei at Bokn ikkje ville ha større nytte av prosjektet, og avslø å støtta tiltaket.

I Stavanger gav dei likevel ikkje opp. Byborgarane kjøpte aksjar i stor stil, danna reiarlaget *Det Stavangerske Dampskibsselskab* og kontraherte hjulbåten *Ryfylke* hjå Thos. Wingate & Co i Glasgow. Kontrakten gjekk på at fartøyet skulle vera 30 meter lang, 7,5 meter breitt og stikka halvannan meter djupt. Den 30. oktober 1855 kom så skipet dampande inn Byfjorden. Etter den fyrste begeistringa, tok byfolka til å irritera seg. Dei hadde bestilt eit fartøy på 30 meter, men skottane hadde gjort baugsprydet ekstra langt for å koma opp i den lengda. Dessutan slukte fartøyet noko uhorveleg med kol.

I rute

Difor var det at mykje folk hadde samla seg ved det store sildesalteriet til Larsen på Holmen for å sjå nærare på det plaskande uhyret som nærma seg. Nokon eigna kai å leggja til ved, fanst sjølvsgat ikkje. Og om så hadde vore, var Larsen redd for brannfaren. Difor laut Larsen og nokre til roast ut til Ryfylke for å henta og å levera post.

Båten kom i ordinær drift frå

frå. Kapasiteten til det etter måten vesle fartøyet er det ikkje noko å seia på, det skulle kunna ta 300 passasjerar og 30-40 kyr! Men då må det også vore trongt. I tillegg skulle det vera rom til inntil 250 tønner last.

Ruta blei fyrste omgang eit vonbrot. *Ryfylke* gjekk to turar i veka til Kopervik, Haugesund og til Bergen. Frå starten blei ikkje ruta den heilt store suksessen. Folk flest tok seg som før fram i eigne båtar slik at trafikk-

Holmen i 1890



7.november og gjekk sidan i ti år som einaste passasjerskip i Rogaland i rute, men utan å ha Føresvik eller Bokn i rutenettet og utan at kommunestyret tok noko initiativ.

Larsen gav likevel ikkje opp og jobba iherdig for å få båten til å ta turen innom – og fekk i 1864 også kommunestyret med seg på at dette var ein god ide. Søknad blei sendt og fekk støtte frå amtmannen. Frå 1866 gjekk *Ryfylke* difor også i rute innom Føresvik – to gonger i veka på nord og to gonger i veka på sør. Det var ikkje skikkeleg kai å leggja til, så det blei til at båten laut bordast i sjøen utanfor Holmen. Det vil seia at passasjerane og varer blei rodde til og

grunnlaget ikkje blei så godt som venta. På den andre sida var utgifterne til kol mykje høgare enn rekna med. Kvart år gjekk difor hjuldamparen med eit ganske stort driftsunderskot, men subsidiar frå Staten gjorde at han likevel kunne halda fram i ruta.

Hjuldamparen heldt såleis fram, men fekk etter kvart selskap av andre rutebåtar. Attåt rutetrafikken, blei fartøyet også frå tid til annan nytta som slepebåt. Men med åra blei hjulbåten utkonkurrert av propelldrivne skip. I 1890 blei *Ryfylke* nedrigga til lekter og seld til E. Anda i Stavanger. Året etter blei fartøyet hogd opp ved *Brødrene Anda*.

Plateslepp/minnekonserert

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kjetil Hamre



The Kvednabekkjers m/venner under konserten 5. april, fv. Jostein Marø, Venevil Birkelund, Kjetil Østebøvik, Øyvind Børgesen, Wolfgang B. Ognøy, Eirik Nedrebø og Jardar Havikbotn.

The Kvednabekkjers m/venner hadde plateslepp/minnekonserert på Bokn skule laurdag 5. april. Konserten var både eit forseinka plateslepp av CD'en «Bekkjens Sildring» og ei heidring av Tommy Øvrebø, som ville fylt 24 år fire dagar etter hendinga i gym-salen.

Samtlege låtar frå plata blei spelte i rett rekkefølge, pakka inn av låtar me visste Tommy sette pris på, av Dire Straits, Mods, Status Quo og Pink Floyd. Me hadde ikkje spart på noko, og satsa stort på lyd- og lysanlegg med kompetente folk i toppklasse. Over oss hang den eine av el-gitarane til Tommy (den andre spelar Wolfgang på), og det heile starta med sterkt fokus på denne, til stemningsfull musikk frå lydanlegget. Denne gjekk rett over i gitarintroen

til Mods-låten med same namn som oppfordringa vår for kvelden; «Bli med oss».

Glade og takknemlege

Eg kan sjølvsagt ikkje skriva om korleis konserten var sidan eg spelte sjølv, men eg kan seia at me er glade for alle dei flotte tilbakemeldingane, for den rungande allsongen, for at Jostein Marø, Øyvind Børgesen og Venevil Birkelund styrka oss musikalsk slik at me fekk realisert planane. Me er glade for at 200 stk. betalte seg inn (20 stk. meir enn på VAMP-konserten i 2012!) slik at me ikkje gjekk med underskot, for god praktisk hjelp frå Geir Ognøy, samt 9. klasse m/for. for opp- og nedrigging av stolar, hjelp til bering og opprigging av utstyr, brannvakthald, sal/kontroll av billetter og kioskdirift. Me

er glade for at Martin Trosnavåg filma det heile, og for at Kjetil Hamre og Ina V. Tangen tok fleire hundre bilder.

Me er også glade for at det lar seg gjera å arrangera alt sjølv, satsa litt – og gjennomføra det, med full sal, på ein slik måte at ein sit igjen med ei kjensle av at det var verdt alt arbeidet. For enkelte av oss må vel arrangementsansvaret ta skulda for at oppladinga til konserten og konsentrasjonen på enkelte låtar ikkje blei 100%, men det var kanskje berre dei aller ivrigaste som høyrde dette.

Bandet, som storkoste seg på scena, vil takka alle som møtte opp, samt alle medhjelparane for ei stor og minnerik oppleving.

På Kjetil Hamre sin blogg, <http://kjetilhamre.blogspot.no/> finn du mykje tekst og bilder frå konserten.

Rekordar over heile linja!

Jardar Havikbotn

Heile 5.881 stk. skreiv seg opp i postkas-sebøkene på Boknafjellet, Vardafjellet og Boknahåve i 2013.

Boknafjellet

Rekorden frå 2011 blei slått med tre namn (!) I 2013 var det 3.934 underskrifter i boka. Den som blei trekt ut var nr. 2456, **Torunn Skjelde, Bokn.**

Vardafjellet

Rekord også her. 1.631 skreiv seg opp, mot 1.329 i 2012. Same vinnar blei trekt ut som i fjor, denne gong på nr. 691, **Atle Akسدal, Bokn.**

Boknahåve

Det har aldri vore så mange på Boknahåve før som i 2013. Det var 316 namn i boka, mot 137 i 2012 og 199 i 2011. Her slo vinnaren frå 2011, **Liv Engen, Bokn** til igjen - denne gong på nr. 199.

Me gratulerer!

Takk til Gry K. Øvrebø og Wenche L. Havikbotn for sporty innhenting av nødvendig informasjon på dei ulike stadene.



Bokn kommune oppfordrar fastbuande og besøkande turgåarar, jøggarar, syklistar, m.m. til friluftsliv. Dei som skriv opp namna sine i bøkene på dei ulike stadene, er med i trekninga om gåvekort på kr. 500,- hos sport og villmarkskjeden XXL. Premien kjem i posten.

Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Denne gongen var svara rasande gode, full pott på både Andor Borgenvik og Dagsentergjengen. Ikkje bare det, dei fann jamvel forklaringar som me faktisk ikkje hadde i "fasiten". Forklaringa på "bregda" fekk me oppgitt til "fletta", men kan i boknamålet også både bety å *anklaga* og å *endra*.

Vidare har me fått kommentarar på forklaringane sist gong. Andor opplyser der at skrabbalyng er det same som klokkelyng. Etter å ha sjekka, viser det seg at "skrabbalyng" er eit lokalt namn på gryteskruppar "laget av de stive og elastiske stenglene på klokkelyng. (Johnsen 1983). Det er altså rett at skrabbalyng er laga av klokkelyng.

Elles er det kome innvendingar på "fjug" der ein meiner den rette uttalen er "pjug". Der er det bare for Eg seie meg så-redaksjonen å leggja seg flat. Her har me beint fram å gjera med mishøyrse!

Forklaringane:

- | | |
|----------------------|--|
| 1. å vera skjersette | å stå fast, vera hjelpaslaus |
| 2. å vera avledda | å farga av/noko som blir gammalt |
| 3. småttå | ein opning, t.d. gylfen |
| 4. å ha sylvtunga | å vera god til å snakka for seg |
| 5. heise | vanskeleg, strevsamt, varmt |
| 6. på fadlande fod | høggravid |
| 7. ein begengel | ein kjeltring, ein som er lite å stola på |
| 8. å tåda | tygd mat gitt i ein klut til å suga på for småborn |
| 9. bitten | lite, ikkje i det heile tatt |
| 10. å bregda | å fletta/å endra/å anklaga |

MÅNADENS UTTRYKK

1. ein rissel
2. gaupen
3. hemå
4. biller (ikkje insekt)
5. hegjel
6. ein fløy (ikkje om hus)
7. ein barkje
8. fornøen
9. ein bausing
10. grottå (ikkje hole)

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 18. juni.

Resultat:

Dagsenterdamene	10 poeng
Andor Borgenvik	10 poeng

Ein stor takk også denne gongen til Leif Vatnaland for gode bidrag. Mannfolka er nok flinkast med å koma med innspel, men me veit det finst boknauttrykk som særleg er vanleg mellom kvinnene. Kom med dei!

FYRSTE SKULEDAG ONSDAG 13. AUGUST 2014

Hjarteleg velkommen til nytt skuleår til alle, og spesielt til dei 14 som skal starte i 1. klasse og til deira foreldre/føresette!

I år kjem me med ein del informasjon på eit tidleg tidspunkt. Det fører nok til at det kjem tilleggs informasjon på eit seinare tidspunkt.

Me har felles start for alle i auditoriet kl. 08.30, men alle møter kontaktlærar i klasserommet fyrst.

NB! Foreldre/føresette til elevane i 1. klasse er velkomne til å vere med. Denne fyrste skuledagen sluttar for alle elevane kl. 12.15. .

SFO startar og opp denne dagen etter kl. 12.15.

NB! Det går ikkje skyss seinare onsdag 14. august. Resten av veka er det vanleg lengd på dagane, men sikkert ikkje vanleg timeplan alle dagane.

PLANLEGGINGSDAGAR FOR PERSONALET PÅ SKULEN

Skulepersonalet har planleggingsdagar måndag 11. og tysdag 12. august.

Personalet på SFO har også planleggingsdagar desse dagane. SFO vil derfor vere stengd 11. og 12. august.

Skulens telefonnummer er 52 75 25 00. Det er som regel tilsette i administrasjonen tilstade kl 08:00 – 15:00 tysdag til fredag og 12:00 – 15:00 på måndagar.

I dette tidsrommet vil Annette Bokneberg kunne hjelpe deg med det meste som gjeld skule og barnehage.

Heimeside skule www.boknskule.no

Jarle Nilsen, rektor

tlf 52 75 25 51, mobil 920 45 922

jarle.nilsen@bokn.kommune.no

Wenche Havikbotn, Undervisningsinspektør

tlf:52 75 25 57, whavikbotn@boknskule.no

Annette Bokneberg, Forkontor

Tlf: 52 75 25 69

annette.bokneberg@bokn.kommune.no

Ingunn Toft, seksjonssjef

tlf 52 75 25 50, mobil 901 15 672

ingunn.toft@bokn.kommune.no



PÅMELDING TIL BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE SKULEÅRET 2014/2015

Søknadsfrist: Torsdag 14. august 2014

Kulturskulen tilbyr pr. i dag undervisning i følgjande:

Piano: Lærar: Venevil Birkelund.
20 minutt pr. veke. Pris pr. halvår kr. 670,-

Boknakoret: Leiar: Anne Tove Øvrebø.
Alder: Frå 8. klasse og oppover.
Koret har øving tysdagar kl. 18.30 - 20.00.
Pris pr. halvår kr. 530,-.
Søskenmoderasjon: 30 % på rimelegaste tilbod.

Bindingstid

Påmeldinga er bindande for eit halvt skuleår (eitt semester) om gongen. Eleven får tildelt plass i kulturskulen for eitt år (haust og vår 2014/2015).

Skulle ein ikkje ynskje å fortsetje i kulturskulen til våren, må ein gi **skriftleg beskjed om utmelding til underteikna innan 10. desember 2013.**

Gir ein ikkje beskjed om utmelding, vil ein bli fakturert også for vårsemesteret.

Eventuell unytta elevplass gir ikkje rett til tilbakebetaling av skulepengar.



Søknad og optak

Dei som får tildelt plass, får melding om dette ved skulestart hausten 2014. Då kjem også nøyaktig tidspunkt for den enkelte undervisningstime.

Dersom ein ikkje skulle få tildelt plass, blir ein sett på venteliste og blir kontakta så snart det blir ledig.

Fakturering

Faktura vil bli sendt forskotsvis.

Håpar på god pågang, og at det kan bli eit fint og lærerikt år i Bokn musikk- og kulturskule.

Med vennleg helsing

Anne Tove Øvrebø

Rektor i Bokn musikk- og kulturskule

Tlf.: 41 68 33 44



Påmeldingsskjema neste side.

PÅMELDINGSSKJEMA
BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE 2014/2015

Før inn namn og set kryss i den ruta for det alternativet du ynskjer.			
Namn på søkjar ↓	Piano Set X	Kor Set X	Merknad (Er det t.d. ein dag det ikkje passar med undervisning?)

Har du eventuelt nokre ynskje om noko du har lyst å gå på/få undervisning i?	
Namn på søkjar ↓	Instrument/aktivitet ↓

Eg har lese, og godtek, vilkåra og bekreftar påmelding til Bokn musikk- og kulturskule for skuleåret 2014/2015.

Underskrift: _____ Telefon: _____
 (Av føresett dersom søkjar er under 18 år) (Dersom beskjedar skal formidlast)

Skjemaet leverer du på skulekontoret, Bokn Skule, eller på Servicetorget, Boknatun.

Søknadsfrist: Torsdag 14. august 2014.

GRATULERER!



Anne Marie & Johan Medhaug Diamantbryllup, 5. juni.

Me vil ønska Anne Marie og Johan hjertelig til lykke med diamantbryllupsdagen 5. juni.

**Klem frå barn, svigerbarn,
barnebarn og oldebarn.**



Arvid Sæbø - 50 år, 11. juni.

Vi vil gratulere deg så mye med den store dagen! Kjempeglad i deg.

**Stor klem fra Agnes, Audhild, Veronika,
Fredrik, Terje og Mathea.**



Lene Vatnaland - 12 år, 29. mai.

Me vil gratulera den snille, flinke og omtensomme go`jenta vår med 12 årsdagen:-) Me e kjempeglad i deg :-)


Klem fra mamma og pappa



Liv Alise Lie - 60 år, 22. mai.

Vi vil gratulere verdens beste farmor, mormor, mor og svigermor Liv Alise Lie med 60 års dagen den 22. mai. Gleder oss til å feire dagen din på lørdag. Kjempeglad i deg.

Stor klem fra barnebarn, barn og svigerbarn.



Torunn Skjelde - 40 år, 19. mai.

Gratulere med 40 årsdagen, Torunn!

Hilsen Malin og Silje.

Kulturkalenderen

Juni

- 15. Tur til Oksebåsen - **sjå s. 25**
- 22. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. BoknOppNed
- 29. **Bokn bygdemuseum har oppe - sjå s. 25**

Juli

- 12. Marknadsdag kl. 11-15
- utedans om kvelden
- 13. Gudsteneste kl. 13.00

August

- 03. Gudsteneste kl. 11.00
- 17. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 22. **Kino i Auditoriet**
- 31. **Gudsteneste kl. 11.00 -
konfirmantpres. +
50 års konfirmantar**

September

- 05. Kino i Auditoriet
- 14. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 19. Kino i Auditoriet
- 28. **Gudsteneste kl. 11.00 -
hausttakkefest + 2. kl.**

Oktober

- 03. Kino i Auditoriet
- 12. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 17. Kino i Auditoriet
- 26. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 31. Kino i Auditoriet

November

- 02. **Gudsteneste kl. 11.00 -
Allehelgenssundag**
- 22. Kino i Auditoriet
- 14. **Gudsteneste kl. 15.00**
- 28. Kino i Auditoriet
- 30. **Gudsteneste kl. 18.00 -
Lysmesse, speidarane**

Desember

- 12. Kino i Auditoriet
- 14. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 24. **Gudsteneste kl. 14.00**
- 26. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 31. **Gudsteneste kl. 16.00**

**Fleire arrangement i
neste utgåve.**



Formannskapsmøte 06.05.2014, sak 018/14

INTERKOMMUNALT BRANNVERN SAMARBEID

Formannskapet sitt vedtak: Rådmannen innstilling blei vedtatt og saka går vidare til kommunestyret .

Formannskapsmøte 06.05.2014, 019/14

PENSJONSORDNING FOR FOLKEVALDE

Formannskapet sitt vedtak: Eit samrøysta formannskap tilrår kommunestyret å vedta:

1. Pensjonsordning for folkevalde vert basert på ordninga med tenestepensjon for offentleg tilsette.
2. Nedre grense for medlemskap vert 1/3 av godtgjersle for full stilling.
3. Folkevalde får tilbod om AFP-ordning på lik linje med tilsette.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 020/14

Søknad om midler frå Utviklingsprogrammet for byregioner - Haugalandsregionen.

Formannskapet vedtok: samrøystes rådmannen si innstilling om å stille seg positiv til søknaden om midler fra utviklingsprogrammet for byregioner.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 021/14

Haugaland arbeidsgiverkontroll - inkludering av Randaberg kommune.

Formannskapet sitt vedtak: samrøystes å tilrå at Bokn kommunestyre godkjenner at Randaberg kommune blir deltaker i Haugaland arbeidsgiverkontroll.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 022/14

Tildeling av Startlånmidler for 2014.

Formannskapet sitt vedtak: samrøystes at Bokn kommunestyre vedtar å ta opp Startlån frå Husbanken for vidare tildeling med kr. 2.460.000,-

Lånet er eit annuitetslån med ei total løpetid på 30 år med flytande rente.

Lånevilkåra fylgjer dei til eikvar tid gjeldande reglar i Husbanken.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 023/14

Grunnlovsjubileet, godkjenning av budsjett.

Formannskapet sitt vedtak: Bokn formannskap godkjenner 17. mai-komiteen sitt budsjett for markeringa av Grunnlovsjubileet i Bokn 2014 i tråd med saksframstillinga.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 024/14

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet - til orientering og diskusjon.

Formannskapet tok orienteringa til etterretning.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 025/14

Orienteringssak - ved. seksjonssjef kultur, skule og barnehage. Tilsyn.

Formannskapet tok orienteringa til etterretning.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 026/14

Søknad om støtte frå Bokn Næringsfond – Øvrebø maskin.

Formannskapet sitt vedtak: samrøystes rådmannen si innstilling.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 027/14

Håflu AS - søknad om støtte frå Bokn næringsfond.

Formannskapet sitt vedtak: Samrøystes rådmannen si innstilling.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 028/14

Søknad om tilskott til etablering av verksemd i Bokn kommune - Kristoffer og Konrad Nilssen.

Formannskapet sitt vedtak: Forslag frå Sp ble samrøystes vedtatt.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 029/14

Mulighetsstudie Føresvik - kommunal andel Bokn næringsfond.

Formannskapet sitt vedtak: å sette ut saka.

Framhald på neste side



Framhald frå førre side

Formannskapsmøte 06.05.2014, 030/14

Utvikling av Knarholmen næringsområde - kommunal andel frå Bokn næringsfond.

Formannskapet sitt vedtak: å sette ut saka.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 031/14

Søknad om tilskott frå Bokn næringsfond til mjølkerobot.

Formannskapet sitt vedtak: Rådmannen si innstilling vart vedtatt samrøystes.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 032/14

Søknad om tilskott til etablering av verksemd - Ronny Strøm.

Formannskapet sitt vedtak: Rådmannen si innstilling vart vedtatt samrøystes.

Formannskapsmøte 06.05.2014, 033/14

Søknad om tilskott frå Bokn næringsfond - Mæland Bygg.

Formannskapet sitt vedtak: Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt.

Formannskapsmøte 8. mai

Formannskapsmøte 08.05.2014, 0034/14

Næringsområde Knarholmen sør - planlegging.

Formannskapet sitt vedtak: Fylgjande forslag frå Ap blei samrøystes vedtatt:

Formannskapet vedtek å engasjere arkitekt/konsulent til planlegging av områda sør for Knarholmen. Arbeidet blir finansiert gjennom omdisponering av budsjetterte midlar til kjøp av areal til bustader ved å redusere kjøp av areal til bustader med kr. 500.000,- til kr. 9.500.000,-.

Formannskapet set ned eit arbeidsutval saman sett av medlemmar frå formannskapet og forvaltningsstyret, fordelt på to representantar kvar frå Ap, H, Sp og seksjonssjef teknisk. Seksjonssjef teknisk ivaretar sekretariatfunksjonen. Ordførar og rådmann har adgang til å tiltre utvalet. Arbeidsut-

valet lagar mandat etter intensjonane frå formannskapet. Formannskapet er styringsgruppe.

Vedtaket blir gjort etter kommunelovens § 13.

Forvaltningsstyremøte 8. april

Forvaltningsstyremøte 08.04.2014, sak 006/14

Orientering om E39 ROGFAST -Reguleringsplan knarholmen - Laupland - Are.

Forvaltningsstyret vedtok: Orienteringa blei teken mot og lagt på minnet.

Forvaltningsstyremøte 08.04.2014, sak 007/14

Meldingssaker til forvaltningsstyremøte 08.04.2014.

Forvaltningsstyret vedtok: Forvaltningsstyret tek meldingssakene til etterretning.

Skulen informerer

KONTAKTLÆRERAR SKULEÅRET 2014/2015



1. Oddrun Nilssen
2. Anne Lisabeth Jøssang
3. Vivian Mortensen
4. Sigrunn Hole Hosaas
5. Merete Alvestad
6. Bianca Alvestad
7. Anita Dagsland
8. Hanne Marte Vatnaland
9. Liv Birknes
10. Jørund Hageberg

Den usynlege funksjonshemminga

Me har nokre høyrselshemma i mellom oss. Men dei er ikkje så gode å få auga på. Dei fer så stille fram, og vågar sjeldan i det heile å seia frå om sitt "handycap" til andre i det sosiale livet. Derfor må visst eg, som er gift med ei høyrselshemma, koma med eit sukk og eit rop.

Det som utløyste denne skrivinga, var opplevingar me hadde 17. mai. Me hadde gleda oss til denne dagen med grunnlovsfeiringa. Fyrst ei herlig gudsteneste, med ein sokneprest i storform. Som vanleg virka **teleslynga** fint i kyrkja. Me var tidleg ute i gymsalen for å få med oss talane til gamle og nye ordførarar. Dei innfridde og. Men Solveig fekk lite med seg.

DEN UNIVERSELLE UTFORMINGA FOR HØYRSELHEMMA VAR IKKJE KOMEN TIL SKULEN.

Dei høyrselshemma har ein liten mottakar i høyreapparata sine som kan ta imot signal. Ei **teleslynge** er, enkelt forklart, ein sendar som får signal frå forsterkaren i høgtalaranlegget og sender dei ut i ein antenneleidning som ligg rundt i forsamlingslokalet.

Ein høyrselshemma høyrer like godt som alle andre kor han enn er innanfor slynga.

Helsemyndigheiter og hjelpemiddel-sentralen er veldig rause med utstyr, og deler ut mellom anna apparat til 15 – 20.000 til den enkelte. Det må vel kallast paradoksalt at ein då ikkje fylgjer opp me teleslynger til under 10.000 i offentlege forsamlingslokale.

"Nå er det din tur"

Attende til 17. mai. Me er nå komne til jubileumsfesten. Fin fest. "Han innante" sette ein ekstra spiss på alt. Men kvar gong han sa noko løye og folk lo, kom det frå Solveig: "Ka sa han nå"? Ho fekk det ikkje med seg. (Showet etter festen kutta me berre ut.)

Dei høyrselshemma lærer seg å lesa på munnen. Men i eit stort lokale, og dei snakkar i mikrofon, er det ikkje så lett.

Og så vart talen til Solveig annonsert. Men ho berre sat. Eg måtte dunka i henne: "Nå er det din tur".

Uttestengt

Desse opplevingane 17. mai er for å

illustrera kor ein høyrselshemma vert utestengt frå det sosiale liv. Til slutt kan det, for nokon sitt vedkomande, føra til resignasjon og isolasjon og einsemd.

Solveig og eg har ikkje på mange år gått på tilstellingar i Bokn sine kommunale forsamlingslokale på grunn av høyrselshemminga til Solveig. Men me hadde fått inntrykk av at kommunen i det siste har jobba seriøst med universell utforming på alle område. Me vart derfor svært skuffa over at det ikkje var komen teleslynger i lokala på skulen. Og etter det me har fått kunnskap om er det ikkje nokon konkrete planer om det heller.

Så derfor til slutt: **Kjære ordførar og alle andre kommunepolitikarar!**

Vær så snill. I budsjettarbeidet til hausten må de finna midlar til desse teleslyngene i Bokn sine storstover. Då kan det kanskje bli "Kjekt på Bokn" og for dei høyrselshemma.

Helsing

Solveig og Leiv Våga.
(Ført i pennen av Leiv)

Skulen informerer

Seksjonssjef Ingunn Toft har ordet



Etter å ha tiltrådt stillinga i januar 2014 som Seksjonssjef kultur, skule og barnehage har eg blitt del av eit flott fagmiljø på Bokn skule. Som skuleeigar vil eg ha fokus på å styrke kompetansen for personalet i tråd med nasjonale føringar, etablera gode arenaer for tverrfagleg samhandling og arbeide for eit godt arbeidsmiljø på skulen.

Bokn skule har starta arbeidet med å utarbeide ein strategisk plan utvikling av skulen for åra framover. Det vil vere eit særskilt fokus på lesing som grunnleggande dugleik, inkludering og mestring som godt grunnlag for vidare utdanning. Det vil bli arbeid systematisk med utvikling kor kartlegging og oppfølging vil være sentralt samt eit fortsatt fokus på god klasseleiing.

Bokn på pallen i Rogalandsrunden i trial

Kyrre Lindanger

Bjørn-Ove Jøsang frå Bokn tok ein solid sølv-plass i klasse B då Rogalandsrunde 2 i trial blei arrangert på Helganes Motorsportsenter laurdag 24. mai. Også dei andre Bokndeltakarane markerte seg i fylkestevlinga som blei gjennomført i regi av Karmøy Trialklubb og det i strålende sommarvêr.

Pluggen Motorklubb, som har base på Torland, stilte med fem kjørarar og tre deltakarar på oppvisning. Sistnemnde blei representerte av dei to åtteåringane Stian Øvrebø og Albert Lindanger og seks-åringen Line Øvrebø. Dei kjørte oppvisning på ein overbevisande måte i tre seksjonar i lynghieine ved flyplassen på Helganes. Og fekk pokal for prestasjonen.

Dei eldre sportskollegaene frå same klubb hadde solide resultat i fjorårets sesong, og viste denne dagen at det kan bli eit spennande år for vår lokale motorsportsklubb.

Blant dei 10 beste

I den øvste klasse A kjørte syskenbarnet til sølvkandidaten Bjørn-Ove, Sander Jøsang, inn til ein 7. plass. I denne klassen dominerte røynde kjørarar frå mellom anna Riska Motorsykelklubb. Elles i klasse B blei det ein solid 7. plass til Sverre Trosnavåg, som klassa seg opp til dette nivået på same stemnet i fjor. Erik Nilssen slo til med ein 9. plass i klasse B. Sistnemnde har kjørt aktivt i bare tre år og visar allereie til gode resultat. I klasse D slo Endre Øvrebø frå Austre Bokn til med ein sterk 6. plass.

Resultata viser ein god formkurve for bokn-kjørarane og er eit godt grunnlag for å kunne plukke viktige poeng i dei komande trialstemna.



I klasse D slo Endre Øvrebø frå Austre Bokn til med ein sterk 6. plass.



Bjørn-Ove Jøsang frå Pluggen Motorklubb tok ein solid 2. plass i klasse B.



Albert Lindanger (t.v.), Stian Øvrebø og Line Øvrebø kjørte oppvisning i den andre Rogalandsrunden i trial.

BoknOpp 2014

Jardar Havikbotn

Dei to første åra blei BoknOpp-arrangert om hausten. I år gjekk bakkerittet av stabelen på den flotte vårdagen 26. april. Varmt og godt blei det, spesielt for kyllingane i den nye mosjonsklassen.

- Mosjonsklassen utan tidtaking er komen for å bli, seier initiativtakar og første boknadame opp den utfordrande løypa, Anette Våga til Bokn Bygdablad. Enkelte i styret i Bokn idrettslag tok tak i oppfordringa til leiar Trond Vatnaland om å koma med kreative påfunn og idear, og ho fekk med seg Gunnar Solberg og Tore Lund - og ikkje minst sonen Fredrik, som syntest det var ekstra kjekt og kult å ikkje bli passert av nokon. Han kom aller først i mål av alle, noko dessverre ikkje speakeren fekk med seg.



Første, men nødvendigvis ikkje siste gong for fv. Fredrik Våga, Anette Våga, Gunnar Solberg og Tore Lund i Mosjonsklassen.

den første boknadama i BoknOpp neste år, men eg ser heller ikkje bort frå at eg blir med.

draktane, men at fordelene var at dei hadde god polstring bak!

- Me var spente, men ingen av oss



MOTIVASJONSFAKTOR: På toppen venta det heimabakst, saft og kaffi - i år servert med eit smil av fv. Silje K. Gismarvik, Elisabeth Storhaug og Kristine V. Kvinnesland.

- Markedsføringa av mosjonsklassen dette året blei ikkje så god, då han blei planlagt veka før rittet, men eg har fått mange gode tilbakemeldingar på ein slik klasse, så eg reknar med at fleire blir med neste år, fortel Anette, som syntest det var veldig kjekt å sykla BoknOpp, sjølv om ho likar betre å driva med løyping.

- Eg kjem nok ikkje til å trenar for å bli

Første gong, men nødvendigvis ikkje siste gong

Mosjonsklassen starta 30 min. før den offisielle starten. Dei tre styremedlemmane i Idrettslaget ville laga litt show og to stilte i kyllingdraktar. Dei drømte ikkje om at det skulle bli eit så fantastisk ver då dei planla kostymane, og ikkje uventa fekk eg veta at det var godt og varmt inne i



Vinnar Trond Skaale såg uforskamma frisk ut då han kryssa mållinja, 17,19 minuttar etter starten i Føresvik. Det var berre sju sekundar bak løyperekorden frå 2012.

blei avskremde - heller overraska over kor lett det gjekk. Å leia sykkelen opp dei brattaste partia gjekk jo



MYKJE FOLK PÅ TOPPEN: Vil BoknOpp runda 100 deltakarar neste år?

fint, seier ei som håpar dei har ufarleggjort løypa litt.

Større og større

I år stilte 89 syklistar til start, og det er eit tidsspørsmål om når rittet vil få over 100 deltakarar. Me som tok bilder på toppen merka tydeleg forskjell frå 2012. I år var det mykje vanskelegare å finna gode plassar å fotografere frå. Kjekt er det at deltakarane er så nøgde med arrangementet (som er eit samarbeidsprosjekt mellom Bokn IL og Falkeid IL) at det sprer seg positive rykter. Fleire og fleire bedriftar stiller lag. Lokale HighComp hadde eit lag på heile ni stk., der Ramunas Kuklys fekk ein imponerende 18. plass med tida 20,30 min.

Fleire syklistar er imponerte over



Eit imponerende løp av Fredrik Våga, som kom først i mål av alle!

Foto: boknopp.no

høglydt velkomst av heilagjengar langs fjellsida, og beskriv turen som fantastisk. Anette Våga har eit ønske om at det også står heilagjengar langs Turstien og løypa opp mot fjellet.

- Oppfordringa frå Bokn IL ang. neste år blir enten å stilla som deltakar,

eller som heilagjeng, avsluttar Anette Våga.

Sjå fleire bilder og resultatliste på www.boknopp.no



Ope i sommarferien:

måndag 23. juni
måndag 30. juni
måndag 07. juli
måndag 11. aug

16.00 - 19.00

**Lese bok +
sommar = sant**



**100% fiber.
alltid.**

**... og Norges beste
kundeservice***

*Kilde: TNS Gallup

Altibox Fiberbredbånd

altibox

ALTIBOX LEVERES AV

Sjekk om du kan få fiber og bestill på
www.haugnett.no



Nytt frå Bokn historielag

Reidar Alvestad

Ope bygdemuseum på sundagar i sommar

På same måten som i fjor sommar vil Bokn historielag også i år ha bygdemuseet på Håland ope på sundagar frå den 29. juni til og med den 10. august. Opningstida er frå kl. 13.00 – kl. 16.00.

Opplegget med sommarope museum er eit samarbeid mellom Bokn historielag og Bokn kommune kor historielaget stiller med vakter. Det var etter måten bra besøk dei fleste sundagane i fjor, og me håpar det blir like bra i år.

Tur til Oksebåsen

Bokn historielag arrangerer tur til Oksebåsen sundag den 15. juni i år. Nåverande eigar av Oksebåsen, Dag-

finn Jørgensen, vil visa oss rundt og fortelja om korleis livet var i Oksebåsen på den tida besteforeldra hans, far hans og dei andre syskena til faren budde der.

Kjør til den øverste parkeringsplassen på Arsvågen (langtidsp.), slik at du er der kl. 11.00. Der fyller me opp nødvendig antal bilar og kjører tilbake til den vesle parkeringsplassen kor stien til Oksebåsen startar. Bruk gode sko.

Dersom du ikkje er i stand til å gå i terrenget, kan du møta opp i søndre del av småbåthamna i Hålandsjøen. Der vil Lars Ove Vatnaland ligga klar med båt - til avgang mot Oksebåsen kl. 11.00. Det er begrensa kor mange han kan ta med.



Bokn bygdemuseum vil ha sommarope 29. juni - 10. august kl. 13.00-16.00.



Det blir tur til Oksebåsen 15. juni.



Fyren, Bokn - bu ved havet!

Kommunale tomter kjem for sal, meld di interesse!

Kontakt servicetorget i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no



KJEKT PÅ BOKN

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinngleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanl.	500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
Epost: kjellfrode75@hotmail.com



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
 909 24 964
Kjell Frode Lie
 907 83 797

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
 Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**



www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
 E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
 Kjetil Hamre
 Hanne Marte Vatnaland

Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvside	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

Foto, omslag:
 Stephan Haram



Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre

17.06	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
07.10	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
16.12	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)

Bokn formannskap

09.09		
19. og 20.11		
Budsjettkonf.	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
02.12	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn forvaltningsstyre

27.08	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
22.10	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
03.12	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn kontrollutval

04.09	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)
13.11	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)



Ledig ungdomsbustad

Det vert ledig ungdomsbustad på Øyrenfeltet, Austre Bokn.

Ungdom i alderen 18-35 år kan søkja om å leiga ungdomsbustad. Kommunen vurderer innkomne søknader og tildele bustad etter kriteriar hjå Husbanken.

Det blir krevd depositum lik to husleiger. Med forbehold om endringar er leiga for tida kr 3.650,- pr mnd.

Søknaden skal sendast Bokn kommune og søknadsfrist er 15. juni.



Velkommen til Hårsmia. Åpent alle hverdager. Fleksibel lørdager. For de som ønsker følger massasje eller sminke med behandlingen.

Ferie fra mandag 7. juli til lørdag 12. aug.

En god sommer til alle ønskes fra Mona på Hårsmia.



Frisørrommet på Boknatun - i sentrum av Bokn -



Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuger:
kl. 09-16
Pärtallsuger:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL

Ferie
Uke 26 - 27 - 28

Ha en
strålende
sommer!

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL

DAGSENERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

LANDBRUKSKONTORET

Det er slutt på kontordag på Boknatun.

Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

BOKN FOTTERAPI

Heimelokale, Øyren 16

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36

Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke
- tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

Annonsér i
Bokn Bygdablad



TellTur

Jardar Havikbotn



Likar du å gå tur, få registrert turen og vera med i konkurranse om fine premiar? Då må du lesa vidare.

1. mai starta friluftsrådene sitt landsdekkande elektroniske turregistreringssystem, TellTur. Friluftsrådet Vest har opna for registrering av turar på Haugalandet. Nærmare 50 turar i Bokn, Karmøy, Sveio, Tysvær og Vindafjord er lagt inn i systemet og har fått sin kode på turmålet.

Du må registra deg som brukar på www.telltur.no for å kunna bruka registreringssystemet. Turane kan registrerast på sms eller direkte på nettet.

Fire turar klare

Til nå er det utplassert kodar til

fire turar på Bokn. Det er Boknahåve (10 poeng), Boknafjellet (5 poeng), Turstien (Føresvik turveg - 5 poeng) og Vardafjellet (5 poeng). Det er venta at det kjem kode på ein femte tur til hausten.

Forutan å finna turmål og registrera resultatane dine på www.telltur.no, kan du konkurrera med deg sjølv eller med andre turgåarar om å nå fleire mål. Klikk «Velg turmål»/«Finn turmål» og klikk deg fram til ditt område for å sjå kva for nokre turmål som finst og bli med på tur!

Kode på Vardafjellet

6 juni kom det kode på postkassen oppe på toppen av Vardafjellet. Kjendeboknarar går opp til toppen frå ulike stader, men den offisielle star-

ten er frå bedehuset. Dette skriv Friluftsrådet Vest om turen på www.telltur.no:

Dette er ein fin og forholdsvis lett tur med noko stigning til høgaste punktet på Austre Bokn, Vardafjellet (188 moh.). Frå parkeringsplassen ved bedehuset går du omlag 1,2 km på asfaltert veg, 1,2 km på grusveg og 0,6 km på sti. På toppen er det ein flott varde, turkasse, kikkert og kvilebenk. Og herfrå får du fin utsikt over Bokn, Boknafjorden og Ryfylke. Du får og god oversikt over Kårstø-anlegget på fastlandet i nord.

Traseen til Vardafjell-toppen vil 14. juni bli merka av ein ny gjeng frå 9. kl. m/for.

GOD TUR!



Det er 9. klasse m/for. som merkar og tilrettelegg stiane for TellTur, og arbeidet blir gjort med eit smil. Her er ein gjeng klare til innsats på stiane til Boknahåve 7. juni. Fv. Harry Hognaland, Raymond Hognaland, Joachim O. Paulsen, Gry K. Øvrebø, Joakim Skjelde, Anne L. Faye med Helle L. Faye, Jonas L. Faye, Fredrik Faye, Lene O. Foss, Merete Alvestad, Målfrid K. Øvrebø, Ida Havikbotn, Kjell Olav Skjelde og Wenche L. Havikbotn.